




Sunnfjord kommune

Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune


Bakgrunn, demografi

- Sunnfjord kommune står framfor store endringar i demografi dei neste 10-20 åra. Andelen eldre aukar og aldersgruppa 0-16 år blir kraftig redusert.
- Tenestetilbodet må tilpassast samansetjinga i befolkninga, om Sunnfjord kommune skal bli rusta til å løyse dei demografiske utfordringane i framtida.



Bakgrunn, demografi

Folketalsframskrivingane for Sunnfjord kommune syner at det vil vere ein nedgang i folketalet for aldersgruppene 0-5 år, 6-15 år og 16-22 år fram mot 2040. Den største nedgangen kjem dei første 10 åra.



Bakgrunn, demografi

Utvikling i elevtal 2019-2040, aldersgruppa 6-15 år. SSB middels vekst

År	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Samla elevtal	3096	3058	3016	2954	2896	2820	2753	2671	2592	2507	2465
År	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040
Samla elevtal	2433	2398	2378	2375	2368	2372	2377	2388	2394	2402	2402

Ved middels nasjonal vekst blir elevtalet redusert med 694 elevar fram mot 2040. I 2029 vil nedgangen vere på 631 elevar. Reduksjonen i elevtal vil vere dramatisk dei 10 første åra.

Bakgrunn, økonomi

Ved samanslåinga vart det tinga ein gjennomgang av økonomien til Sunnfjord kommune. Agenda Kaupang har levert ein konsulent rapport som samanliknar økonomien i Sunnfjord kommune, med tilsvarende kommunar i kommunegruppe 13.

Tjeneste	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2035	2040
Barnehage	29	20	17	7	1	0	-10	-14	-15	-15	-14	-9	-5	-9
Barnevern	1	1	1	1	0	0	-2	-2	-3	-4	-4	-7	-10	-11
Grunnskole	-9	-4	-2	6	4	0	-6	-13	-19	-28	-36	-73	-80	-76
Helse	-3	-2	-1	-1	0	0	0	1	1	2	2	5	8	11
Pleie og omsorg	-27	-27	-26	-16	-6	0	9	11	17	22	30	118	212	320
Sosial	-1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	0	-1
Sum tjenester	-9	-13	-12	-3	-1	0	-8	-17	-19	-23	-22	36	126	235

* Utvikling i mill. kroner. 2020 = 0.

Figur 1.4 viser at det er behov for ei omfattande omfordeling av midlar dei neste åra. Samla er det behov for å omfordelle 330 mill. kroner frå andre tenester til pleie og omsorg i 2040.

Bakgrunn, økonomi


Ved å samanlikna utgiftene i Sunnfjord kommune med kommunegruppe 13, har Agenda Kaupang rekna ut det teoretiske innsparingspotensiale for kvar sektor. Grunnskulen har eit potensiale på 26,6 mill. kroner. Kostnadsnivået er korrigert for ulikskapar i demografi, geografi og sosiale tilhøve



Bakgrunn, økonomi


Kostnaden i grunnskulen er sammensatt av ulike faktorer, som oppfylingsgrad av klassar, kostnader til vedlikehold av bygg, struktur, behovet for spesialundervisning og skyss. Størrelsen på skulen er den viktigaste kostnadsdrivaren i grunnskulen. I Sunnfjord kommune er gjennomsnittet 191 elevar per skule og i kommunegruppe 13, er gjennomsnittet 288 elevar. På grunna av den desentraliserte strukturen i Sunnfjord kommune, er det få elevar på kvar skule.

I Sunnfjord kommune brukar vi 15 104 kroner per innbyggjar på grunnskule. Gjennomsnittet for kommunegruppa er 13 994.



Bakgrunn, økonomi

Sunnfjord kommune har ein desentralisert skulestruktur, men driv likevel billigare enn kommunar med tilsvarende struktur. Det er difor ikkje rom for å hente innsparingar i noverande struktur, utan å utarme skulen.



Bakgrunn, økonomi

- Skal ein ta ned kostnadane i skulen for å møte utfordringane med demograf og nedgangen i elevtal, vil det ikkje vere midlar i skulen til tilpassa opplæring, spesialundervisning, eller deling av klassar i fag. Ekstra ressursar ut over minstetimetallet i skulen, vil bli kraftig redusert.
- Med bakgrunn i rapporten frå Agenda Kaupang vart det utarbeidd innsparingskrav for kvar sektor. Arbeidsgruppa for oppvekst og kultur fekk eit innsparingskrav på 15 mill. kroner.
- *Gruppa konkluderte med at innsparingar i grunnskulen må hentast frå strukturendringar. Det er ikkje rom for å ta ned kostnaden i grunnskulen med noverande struktur.*
- Innsparingskravet er vedteke av kommunestyret

Bakgrunn, politiske vedtak

I sak 051/20 vedtok formannskapet i Sunnfjord kommune ei utgreiing av skulestrukturen, som ein del av eit samla vedtak om prosjektet «større økonomisk handlingsrom»:

«Sluttrapport frå prosjekt om større økonomisk handlingsrom i Sunnfjord kommune vert teke til vitande. Kwart enkelt tiltak vert tatt stilling til i økonomiplan for Sunnfjord kommune 2021 – 2024. Ambisjonsnivå på samla årleg innsparing seinast innan 2024 er 40 mill. kroner. Tiltak med budsjetteffekt i 2020 vert det lagt fram eiga sak i april/mai 2020.

Det vert sett i gang planprosess for utgreiing av barnehagestruktur og planprosess for utgreiing av skulestruktur»

I sak 056/20 den 18. juni 20, vedtok kommunestyret følgjande:

«Planprogram datert 02.06.20 blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med å utgreie ein plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune»

Det føreligg ei politisk bestilling for å utarbeidde ein plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune. Planen vil vurdere tiltak på kort og lang sikt.

Planen

Planen har som mål å legge ein struktur som er fleksibel og som kan tilpassast framtidige variasjonar i elevtalet. **Sunnfjordskulen har gode resultat og høg kvalitet.** Skal den gode kvaliteten halde fram, må strukturen tilpassast til framtidige utfordringar. Endringar i demografi, faglege utfordringar og rekruttering av kompetanse.

I planen blir følgjande lagt til grunn for vurdering av struktur:

- Elevantvikling på krinsnivå
- Nærskuleprinsippet og opplæringslova
- Berekraftig økonomi
- Berekraftsmåla
- Utbyggingspotensiale
- Fagleg og sosialt arbeid, fagfornyninga og framtidig kompetanse
- Rekruttering
- Skyss og reisetid
- Standarden på skulebygg og framtidige behov for rehabilitering

Opplæringslova

Opplæringslova § 8-1, *Elever i grunnskulen har rett til å gå på nærskulen. Kommunen kan avgjere kva som er nærskulen i forskrift om kringsgrenser. Kapasitet på skulen kan berre få betydning for skulekrinsen/nærskulen når det kan dokumenterast at ein skule er full.*

Utdanningsdirektoratet har vurdert forholdet mellom nærekuleprinsippet som ein individuell rett og kommunen sin moglegheit til å fastsetje forskrift om skulekrets.

Utdanningsdirektoratet har tolka spørsmålet om kommunen kan fastsette kringsgrenser som ikkje gir alle elevane rett til å gå på den næraste skulen. I si tolking viser direktoratet til at det kan takast objektive omsyn som til dømes topografi og farleg skuleveg. Geografiske kriterier som plassering og inndeling av barne- og ungdomstrinn. Forarbeida til opplæringslova opnar for at kommunen kan ta omsyn til kapasitet. Kommunen kan ta omsyn til kapasitet om det skjer generasjonsendingar med auka barnekull, eller andre tilhøve som er utanfor kommunen sin kontroll.

Opplæringslova § 8-2, organisering av elevane i klassar/grupper.

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhøyr. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

I Sunnfjord kommune er delingstalet 28 elevar på barnesteget og 30 elevar på ungdomssteget. Delingstalet må leggast til grunn når ein reknar på kostnadar ved endring i kringsgrensene.

Opplæringslova kap. 9a Eleven sitt skulemiljø

Kap 9a i opplæringslova står sentralt i kommunen og skulane sitt arbeid. Paragraf 9 A-2 slår fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Lova femnar om det psykososiale miljøet og det fysiske miljøet. Etter lova skal desse områda vere oppfylt og foreldre har klagerett til fylkesmannen. Når det gjeld det psykososiale miljøet, er det ei vurdering som er utfordrande å tilnærma seg når ein vurderer skulestruktur. Det psykososiale miljøet kan vere godt, og det kan vere dårleg uavhengig av størrelse på skulen.

Kvalitet og fagleg utvikling

- Samfunnet står framfor store utfordringar innanfor miljø og berekraft. Fagfornyninga skal ruste elevane til å handtere utfordringar, samstundes som dei skal rustast for eit arbeidsliv i endring. I framtida skal elevane handtere yrke som ikkje finst i dag og omstille seg frå yrke som blir lagt ned. Den teknologiske utviklinga går svært fort og elevane må kunne forholde seg til teknologi. Skulen må ha kompetanse på teknologi og vere fagleg robuste for å handtere framtidige kompetansekrav.
- Den overordna delen legg vekt på profesjonsfellesskapet og at lærarar og leiarar saman skal reflektere over felles verdiar og vidareutvikle praksisen sin. *«Profesjonen og den enkelte lærarar forvaltar eit ansvar for å utøve skjønn i komplekse spørsmål. Lærarar og leiarar utviklar fagleg, pedagogisk, didaktisk og fagdidaktisk dømmekraft i dialog og samhandling med kollegaer» sitat overordna del*
- Ein framtid skule krev samhandling sosialt og fagleg av elevar og lærarar. Kompetansen skal utviklast i dialog med medelevar og kollegaer. Det blir stilt krav til eit fagleg fellesskap og kompetanse i profesjonen. Lærarane må ha kompetanse i teknologi, didaktikk og sosialt arbeid.

Sunnfjordskulen har høg kvalitet, skal vi oppretthalde kvaliteten inn i fagfornyninga, må skulen ha tilstrekkelig med ressursar.

Rekruttering, kompetanse og kompetanseutvikling

- Lærarutdanninga er endra og nyutdanna vil ha færre fag og vere meir spesialisert enn tidlegare
- Søkjartalet til lærarstillingar går ned og det er utfordrande å få fagkompetane etter kompetanseforskrifta i utvalde fag og skular
- Lærarane krev eit større fagleg nettverk og eit profesjonsfelleskap på arbeidsplassen
- Små skular vil få utfordringar med rekruttering.

Indikator	Jølster	Naustdal	Gaular	Førde
GSK07 Andelen lærarar med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn.	400	37	104	48
GSK08 Andelen lærarar med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10.trinn	223	371	333	86
GSK10 Andelen lærarar som oppfyller kravene til å undervise på 1.-7.trinn	1	258	295	243
GSK10 Andelen lærarar som oppfyller kravene til å undervise på 8.-10.trinn	1	304	272	252

Kommunebarometeret 2019, kompetanse


Skyss, reise og ventetid

Korkje departementet eller lovverket set maksimaltider for skuleskyss. Skyssen skal vere forsvarleg og reisetida akseptabel. Kva som er «akseptabel» reisetid må vurderast konkret ut frå den enkelte eleven, og det skal takast omsyn til elevens sin alder, avstand mellom heim og skule, og eventuell funksjonshemming. Reisetida er definert som summen av gangtid, ventetid og sjølv reisa med transportmiddel. Elles ser vi at nokre fylkeskommunar opererer med rettleiande maksimal reisetid slik i sine retningsliner:


- 45 minutt for 1.-3. klasse
- 60 minutt for 4.-6. klasse
- 75 minutt for 7.-10. klasse

Reise- og ventetid er elles omtalt i regelverktolking i Udir-2-2019

Kringsgrenser




Ungdomstrinn frå fleire krinsar



Skule	Lokalisering	Trinn	Elevtal	SFO
Flatene skule	Halbrend krins	1.-5.	264	Ja
Frøysland skule	Haukedalen	1.-7.	17	Nei
Førde barneskule	Sentrum, Førde	1.-7.	268	Ja
Førde ungdomsskule	Sentrum, Førde	8.-10.	291	Nei
Halbrend skule	Halbrend krins, Førde	6.-10.	384	Nei
Holsen skule og barnehage	Holsen	1.-7.	32	Ja
Karstad skule	Solheimsdalen	1.-7.	8	Ja
Slåtten skule	Slåtten krins, førde sentrum	1.-7.	384	Ja
Sunde skule	Sunde	1.-7.	163	Ja
Naustdal skule	Naustdal sentrum	1.-10.	363	Ja
Vevring skule	Vevring	1.-4.	9	Ja
Skei skule	Skei	1.-10.	130	Ja
Vassenden skule	Vassenden	1.-10.	286	Ja
Sande skule	Sande sentrum	1.-10.	285	Ja
Bygstad skule	Bygstad	1.-7.	99	Ja
Viksdalen skule	Viksdalen	1.-10.	51	Ja


Vekstrate 1.1 2020 - 31.12 2040

ALL



Kilde: SSB/Kompas


Elevtalsutvikling



Folkemengde per 31.12

bygstad skule 3-5 år, 6-12 år

På Bygstad skule er det 99 elevar hausten 2020. I følge framskrivinga blir det ein nedgang i elevtalet i åra framover. Det lågaste elevtalet kjem i 2030-2032 med 77 elevar. I slutten av framskrivingsperioden aukar elevtalet 91 i 2040.




Kilde: SSB/Kompos

Folkemengde per 31.12


sande skule 3-5 år, 6-12 år

På Sande skule er det 285 elevar hausten 2020. I følgje framskrivinga blir det ein nedgang i elevtalet i åra framover. Det lågaste elevtalet kjm i 2034 med 185 elevar. I slutten av framskrivingsperioden aukar elevtalet til 192 i 2040. Sande skule er ein av dei skulane som har høgast nedgang i følgje framskrivingane.



Kilde: SSB/Kompass

Folkemengde per 31.12
viksdalen skule 3-5 år, 6-12 år




På Viksdalen skule er det 51 elevar hausten 2020. I følge framskrivinga blir det ein jamn nedgang i elevtalet gjennom heile framskrivingsperioden. Det lågaste elevtalet kjem i åra 2033-2035 med 30 elevar. Mot slutten av perioden aukar elevtalet til 31.

Kilde: SSB/Kompass


Folkemengde per 31.12

skei skule 3-5 år, 6-12 år



Kilde: SSB/Kompos


Folkemenge per 31.12
vassenden skule 3-5 år, 6-12 år



Kilde: SSB/Kompass

Folkemengde per 31.12

Naustdal skule 3-5 år, 6-12 år



Kilde: SSB/Kompass




kommune

Folkemengde per 31.12

Vevring skule 3-5 år, 6-12 år

På Vevring skule er det 9 elevar hausten 2020. Det er ei jamn nedgang i elevtalet i framskrivingsperioden. Det lågaste elevtalet er 5 elevar frå 2027 til 2034. Mot slutten av perioden aukar elevtalet til 6 elevar.



Kilde: SSB/Kompos



Folkemengde per 31.12

Frøysland skule 3-5 år, 6-12 år



Kilde: SSB/Kompos

Folkemengde per 31.12


holsen skule 3-5 år, 6-12 år



Kilde: SSB/Kompas


Folkemengde per 31.12

sunde skule 3-5 år, 6-12 år



Folkemengde per 31.12


flatene skule 3-5 år, 6-12 år





Kilde: SSB/Kompass

Folkemengde per 31.12

karstad skule 3-5 år, 6-12 år








Folkemengde per 31.12

halbrend skule 3-5 år, 6-12 år




På Halbrend skule er det 384 elevar hausten 2020. I framskrivingssperioden er det ein nedgang i starten av perioden, før kurva flatar ut. Det lågaste elevtalet kjem i 2032 med 288 elevar. Kurva flatar ut frå 2027, då er det 299 elevar ved skulen. Mot slutten er det ein liten auke, og i 2040 er det 293 elevar. Halbrend skule er ein av dei skulane som har høgast nedgang i elevtalet.

Kilde: SSB/Kompos

Folkemengde per 31.12
førde ungdomsskule 3-5 år, 6-12 år

På Førde ungdomsskule er det 291 elevar hausten 2020. I framskrivingsperioden har skulen ein nedgang i elevtalet i starten, ein auke i midten før det blir ein liten nedgang mot slutten. Det lågaste elevtalet kjem i 2024 med 275 elevar. Fram mot 2036 er det ei auke i elevtalet og det er dette året 303 elevar ved skulen. Heilt mot slutten blir det ein liten nedgang i elevtalet, og det er 294 elevar i 2040.



Kilde: SSB/Komposi

Alternativ til vurdering

Vi skal vurdere alternativa til skulestruktur etter dei faktorane som er lista opp. Planen skal innehalde tilrådingar på kort og på lang sikt. Nokre endringar bør vi starte med, og andre må vurderast i eit tidsperspektiv på 10-15 år.

Alternativ som er til utgreiing i eit kortare og lengre tidsperspektiv.

- Legge ned Frøysland skule og flytte elevane til Holsen skule
- Legge ned Karstad skule og flytte elevane til Flatene og Halbrend skule
- Legge ned Vevring skule og flytte elevane til Naustdal skule
- Legge ned Holsen skule og flytte elevane til Sunde skule, Ved nedlegging av Frøysland skule må elevane ved Frøysland skule flyttast til Viksdalen skule
- Flytte ungdomstrinnet frå Skei skule til Vassenden skule
- Flytte ungdomstrinnet frå Viksdalen skule til Sande skule
- Flytte Førde ungdomsskule til Hafstad vidaregåande skule
- Flytte Førde barneskule til noverande Førde ungdomsskule
- Flytte ungdomstrinnet frå Halbrend skule til ein samla ungdomsskule på Hafstad vidaregåande skule
- Gjere om Halbrend skule til ein barneskule frå 1.-7. trinn, legge ned ein barneskule.
- Krinsgrenseendringar: Elevane på Bruland blir flytta til Sunde skule

Vidare prosess

- Vi skal gjennomføre informasjonsmøte i veke 43 og 44
- Vurdere alternativa og konkludere med ei tilråding i planen
- Planen blir sendt til høyring og det kan bli invitert til folkemøte/dialogmøte
- Politisk handsaming utvala og i kommunestyre i desember
- Vedtak av forskrift i januar
- Utsending av forskrift om kringsgrenser til høyring
- Endeleg vedtak i februar/mars